

Årsmelding for Volda rideklubb 2009

Styret

Styret i rideklubben har bestått av

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Ragnhild Ekornrud

Kasserar: Andreas Eikrem

Sekretær: Ann Lajla Brungot

Styremedlem: Ida Kristine Standal

1. vara: Liv Jorunn Nyhagen

2. vara: Heidi Martinsen

Styret har hatt i alt 13 styremøter.

I tillegg har vi hatt ei aktivitetsgruppe som har bestått av:

- * Ingvild Hansen
- * Tine Brungot
- * Liv Jorunn Nyhagen
- * Ragnhild Ekornrud
- * Stine Risahagen
- * Tine Brungot
- * Ida Standal

Vi har hatt totalt 42 medlemmar i løpet av året.

Kurs og anna

Før kontrakten vår gjekk ut på Solvollen i sommar, fekk vi hatt to køyre- og ridekurs med Stig Vesteraa frå Molde. I tillegg hadde vi faste treningar ein gong i veka med Anja Kirkteig frå Ørsta. Vi hadde også to kurs med May Elise Skauvik og eit kurs med Kari Adalbaron Øye. Klubben deltok i 17. mai toget med tobeinte og firbeinte for tredje år på rad. Vi har også hatt barneriding fast ein gong i månaden, som har vore eit populært tiltak. Like før nyttår vart det også arrangert ein kanefart-tur rundt Rotevatnet.

Stemne

Vi har hatt fire stemne i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb i både dressur, sprang og køyring. Då deltok også mange tilreisande ekvipasjar.

Resultat frå stemna

I 2009 som i 2008 har Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann utmerka seg på stemnefronten. Blant anna under deltaking på Nordisk Nm for fjordhest tok ho med seg den gjeve tittelen Nordisk meister. Ho fekk også vandrepokalen under Kreitsmeisterskapet som vart arrangert på Sula. På Fjordhest NM i Førde hadde klubben eit lag bestående av Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann, Ragnhild Ekornrud/Li Møy og Anna Sve/Rakne Frikk. Sjølv med ukjent hest for Ragnhild, endte dei opp med bronsemedaljen.

Arbeid med ny ridebane

I år har klubben arbeida mykje med godkjenning av nytt anlegg ved Rotevatnet. Vi har hatt mykje kontakt med kommunen, og no er spelemiddel-søknaden for ridebana endeleg på plass.

Dessverre har bygging av den nye ridebana vår ved Rotevatnet stoppa opp på grunn av veret. Men så snart veret blir slik at entreprenørane kan planere, vil ein flekk på 20x40 meter kome på plass. Når våren kjem vil resten av bana kome opp etterkvart, og vi får då satt opp gjerdet i tillegg. Det blir då til slutt heile 40x80 meter å trenere og ha stemne på.

Vi ser fram til å få på plass ridebana, slik at aktiviteten igjen kan blomstre. Det er også veldig kjekt å endeleg ha ein permanent stad å vere for Volda rideklubb med plass til både hall og stallar. Det blir mange spennande år framover med etablering av eit skikkelig anlegg.